

Skular og føresette

## Informasjon om skuleskyss i samband med opning av skulane for elevar på 1.-4. årstrinn 27. april

I samband med opning av skulane for elevar på 1.-4. årstrinn (grunnskulen) og yrkesfag VG2 og VG3 (vidaregåande skule) mandag 27. april, vil vi kome med viktig informasjon om skuleskyss som vil bli utført frå same dag.

Veileiar om smittevern for 1.-7. årstrinn under covid-19 utbrotet 2020 som kom mandag, inneheld følgjande føringar for transport og skuleskyss:

- Bruk minst mogeleg offentleg transport til og frå skule.
- Skuleturar som medfører tett samling av elevar i store grupper og på offentleg transportmiddel bør unngåast.
- Ved bruk av skuleskyss, bør elevane sitte med minst eit sete mellomrom. For eksempel kan det på ein buss med 4 sitteplassar per rad, sitte to born per rad med alternerande vindauge/midtgang. Elevane må halde ein meter avstand medan dei ventar på buss/anna transportmiddel. Flater som vert ofte rørt ved i bussen (til dømes handtak og liknande) bør reingjerast dagleg.
- Elevar må vaske hender når dei kjem til skulen og tilbake til heimen.

I tillegg har Skyss/Kringom gjeldande føringar for kollektivreisande:

- Elevane blir oppfordra til å halde avstand til sjåføren.
- Elevar som er sjuk eller har sjukdomssymptom skal ikkje nytte skuleskyss.
- Bruk inngangen bak på bussen.
- Skuleskysskarta skal ikkje lesast av i denne perioden.
- Dersom kapasiteten tillet det, kan elevar utan rett til skuleskyss kjøpe billett med Vipps. Dette kan føresette til barna gjere. Barna treng ikkje vise kvittering til sjåføren.

Skyss/Kringom har planlagt busstilbodet slik at vi skal kunne halde kravet som er sett til avstand, så langt det har vore mogeleg med tilgjengeleg tid til planlegging og tilgang til bussmateriell. Vi vil samtidig vise til smitteveileieren si føring om å avgrense offentleg transport til og frå skule så mykje som mogeleg, for at kravet til avstand skal kunne takast i vare. Dette vil også gjelde skuleskyss med buss og drosje.

Skyss/Kringom vil følgje opp eventuelle kapasitetsutfordringar på skuleskyssen i oppstarten, og sette i verk nødvendige tiltak der det er høve til det.

## Skuleskyss utført med drosje

For skuleskyss utført med drosje har Skyss/Kringom utarbeida følgjande retningsliner frå og med 27. april:

- Det skal bli lagt til rette for avstand mellom elevane, slik at det ikkje vert samkøyrt meir enn to elevar i vanleg drosje, med mindre det er snakk om elevar frå same husstand. For maxitaxi/minibuss vil det bli lagt til rette for avstand mellom elevane.
- Ofte rørte flater vert reingjort mellom kvar tur.
- Elevane blir oppfordra til å halde avstand til sjåføren, og utøve forsvarleg handhygiene. Elevar som er sjuk eller har sjukdomssymptom skal ikkje nytte skuleskyss.
- Elevane må bu seg på at hentetider er cirka-tider, og at det vil kunne førekome forseinkingar. Elevane må også bu seg på å bli levert på skulen/henta på skulen tidlegare/seinare enn normalt.
- Berre elevar som har drosjeskyss på grunnlag av medisinsk behov vil få drosje i samband med opphold på SFO. Elevar som har innvilga drosjeskyss på ordinært grunnlag vil i denne perioden kun få drosje til sine ordinære start- og sluttider. Elevar som har innvilga drosjeskyss på ordinært grunnlag, og som nyttar seg av SFO i denne perioden, må leverast og hetast av føresette eller skaffe skyss på annan måte. Dersom de er usikre på om dette gjeld dykk, kan de ta kontakt med skulen.

Sidan vi ønskjer å avgrense tal elevar som vert samkøyrd i drosje, vil det kunne bli kapasitetsutfordringar for skuleskyss utført med drosje. Dersom det er elevar som normalt har skuleskyss utført med drosje, men som ikkje har behov for drosje den første perioden frå og med 27. april, er det viktig at vi vert informert om det så raskt som mogeleg. Slik kan vi sikre at vi har nok kapasitet til å frakte dei elevane som har behov for skuleskyss med drosje.

Tilbakemeldingar eller spørsmål

Skuleskyss kan de kontakte på [skuleskyss@sfj.no](mailto:skuleskyss@sfj.no) eller per telefon 55 55 90 70, tasteval 2 – skuleskyss.

Med helsing

**Stine Karoline Olsen**  
Leiar

**Eva Synnøve Solhaug Fosshagen**  
seniorrådgjevar

Brevet er elektronisk godkjent og har difor ingen handskriven underskrift